



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3222 - 19/13947

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
06.05.2019

Oversending frå Lindås kommune på framsett klage på delvis dekning av saksomkostninger - gbnr 99/1 Våge

Lindås kommune viser innleiingsvis til skriv med tittel «Oversending av vedtak til endeleg handsaming», datert 06.03.19 og sendt Fylkesmannen i Vestland den 07.03.2019. Saka gjaldt klage på oppheving av stoppordre etter pbl. §32-4 i form av gravearbeid på tilkomstveg – lokalisert på gbnr 99/1 Våge. Noverande klage om delvis innvilga saksomkostninger sjåast i samanheng med klage på oppheving av stoppordre.

Lindås kommune viser til skriv frå Alf Eikevik, datert 10.03.2019 og mottatt 11.03.2019, der kommunen har fått rettidig klage på delvis innvilga dekning av saksomkostnader. Klagesaka har ei sakshandsamingstid på 8 veker som gir dato 06.05.2018. Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Lindås kommune ga i skriv, datert 06.03.2019, Advokatfirma Harris DA, delvis dekning for deira krav om dekning av saksomkostnader:

VEDTAK:

Med heimel i forvaltningslova § 36 vert krav om dekning av saksomkostnader for utgifter til advokat etter at klage stoppordre vart omgjort av administrasjonen i vedtak datert 19.12.2018 delvis innvilga.

Det vert innvilga saksomkostnader med kr.12.000,- eks. mva, kr 15.000,- inkl. mva. Summen vert innbetalt Harris sin klientkonto 9521.16.42638 og merka med saknr. 102230.

Kommunen vil vise til sin argumentasjon i skriv av 06.03.2019 med tillegg av følgjande merknader:

Eikevik framlegg i sin klage at FanAgro vart nytta då det faktiske omfanget av eksisterande veg måtte dokumenterast og for å syne kva gravinga gjaldt, sjå klagen side fem annet avsnitt.

Spørsmålet er om det faktiske omfanget av eksisterande veg måtte dokumenterast overfor kommunen med rapport frå FanAgro for å få oppheva stoppordren. Lindås kommune fastheld at det ikkje er omtvista mellom partane at det ligg føre ein tinglyst vegrett på 2 meter breidde for gbnr 99/4 over gbnr 99/1 av 10.08.1968. Då den tinglyste vegretten er uomtvista, er det ikkje naudsynt å få omfanget av tilkomstvegen dokumentert med rapport frå FanAgro.



Spørsmålet er om det var naudsynt å dokumentere overfor kommunen med rapport frå FanAgro om det var vedlikehaldsarbeid av tilkomstvegen. Lindås kommune viser her til klage frå Eikevik sin representant den 12.11.2018. Det vart her frå tiltakshavars representant at vedlikehald i form av gravearbeid på tilkomstvegen ikkje var søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vart opplyst at vedlikehald vart utført ved at tilkomstvegen vart gravd av med gravemaskin og torv vart fjerna samt at steinar i veggen var gravd opp. Då desse faktiske opplysningane om utført arbeid på tilkomstvegen er tilstrekkelege for å fastslå at arbeidet er vedlikehald, er det ikkje naudsynt å innhente rapport frå FanAgro for å avdekke om det var vedlikehaldsarbeid av tilkomstvegen.

Frå vedtak om delvis innvilga sakskostnader viser vi til side 3 tredje avsnitt:

Rapport frå FanAgro for befaring, oppmåling og dokumentasjon veg, vert utgifter til arbeid som ikkje har årsakssamanheng med den endring som er gjort i opphevingsvedtaket. Rapporten er overflødig då det ikkje er omtvista at partane har ein vegrett der gravearbeidet vart gjort. Rapporten gjev ikkje nye opplysningar om gravearbeidet på tilkomstvegen er eit brot på plan- og bygningslova. Det var tiltakshavar sin representant som i sin klage som opplyste om at gravearbeidet var vedlikehald som vart avgjerande for kommunen si omgjerding av vedtak. Utgifter til innhenting av rapport frå FanAgro for synfaring, oppmåling og dokumentasjon av tilkomstvegen er ikkje kostnader som har vore nødvendige for å få endra vedtaket, jf. fvl. § 36 første ledd. Slike kostnader har parten ikkje krav på å få dekkja.

Lindås kommune kan ikkje sjå at det er kome fram nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering.

Klage på delvis innvilga sakskostnader, vedtak om delvis innvilga sakskostnader, krav om dekning av sakskostnader samt kopi av oversending av vedtak til endeleg handsaming med vedlegg. Resten av dokumenta er tilgjengeleg på Lindås kommune sine nettsider.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på delvis innvilga dekning av sakskostnader - gbnr 99/1 Våge
Klage på 197727 Delvis innvilga dekning av sakskostnader - gbnr 991 Våge
Delvis innvilga dekning av sakskostnader - gbnr 99/1 Våge
Oversending av vedtak til endeleg handsaming - gbnr 99/1 Våge
Krav om refusjon av sakskostnader
Brev
Faktura

Kopi til:

Advokatfirmaet Harris Da

Postboks 4115 5835
Sandviken

BERGEN

Kopi til:

Advokatfirmaet Harris Da

Postboks 4115

5835

BERGEN

Sandviken

Alf Eikevik

Kollåsen 54

5116

ULSET

Alf Eikevik

Kollåsen 54

5116

ULSET

Mottakrar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER